

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 65

Utkommer hver  
måned

Februar 1936

Utgiver og redaktør:  
Sogneprest Slaattelid  
Davik

7. årg.

### Bøn.

Herre Gud, Fader i himmelen! Du som har elska oss med ein æveleg kjærleik og synt miskunn imot oss like til idag, vi takkar deg for at du i den heilage dåpen har teke oss til dine born, nya uppatt di pakt med oss i konfirmasjonen og kvar dag let nåden din vera ny over oss. Vi bed deg, gjev oss din Heilage Ande, so vi ikkje gjer motstand mot din kjærleik, men let han få råda over oss og driva oss til dagleg umvendning. Hjelp oss so vi av hjarta seier frå oss Djevelen og alle hans gjeringar og all hans åtferd, trur på deg, Fader, Son og Heilage Ande, og ved din nåde vert verande i denne vår dåpspakt alt til vår siste stund — ved din kjære son, Jesus Kristus, vår Herre, som lever og råder saman med deg i eining med den Heilage Ande, ein sann Gud frå æva og til æva. Amen.

### Konfirmasjonssalme.

(Mel.: Fra himlen høit.)

Som dugg av morgenrødens skjød  
i solopgangens fagre glød,  
din ungdom kommer, tett i lag,  
o Herre, på din veldes dag.

Og her på helligdommens sted,  
de knæler rundt ditt alter ned  
for dig, allmektig Jehova,  
med sine unge hjerters ja.

Ditt øie skuer dypest inn  
til det som bor i deres sinn,  
du ser den angst, det hap, den lyst  
som skjelver innerst i hvert bryst.

O Herre, la idag det skje  
at de din herlighet får se,  
forsake synden, Satan fly  
og fødes dig som barn på ny.

Og hjelp foreldre, venner rett  
a slutte bønneringen tett  
om disse som i livets vår  
ennu som si'v så svake står.

Ja konfirmer, befest dem selv,  
så glade under kirkehvelv  
de alltid med din hjord kan gå  
for liv, ja overflod a fa.

Sogneprest P. Blessing Dahle.

### Ei konfirmasjonspreike.

Les: Mark. 10, 17—27.

Nettupp på ein konfirmasjonsdag må denne forteljinga um den rike unge mannen kalla fram mange tankar. Det ligg eit underleg gripande vemod over denne saga. Der er denne kjekke og bra ungdomen som kjem til Jesus, so ivrig og eldhuga, med det store spursmålet um evigt liv. Og der er Jesus som ser på han og vert glad i han. Og fordi han har han kjær, set Jesus fingeren på det som var fåren for han: rikdomen hans. Han krev at han må ofra den for å frelsa si sjel. Det er liksom ein doktor som må operera vekk ein fot for å berga pasienten sitt liv. Og so det siste: Den unge mannen som går burt frå Jesus, med bøyggt hovud, med sorg og skam i hjarta, attende til verda, den tome og falske verda. Han heldt ikkje ut. Han var ivrig for ei stund, men det varde ikkje. Det var berre ei kjensle som dreiv han. Difor fall han so snart ifrå.

Men er det ikkje det som hender no og, gong etter gong, atter og atter. Er det ikkje slik det går med so mange? Dei vert dregne til Jesus for ei tid, men so kolnar dei og fell ifrå. Er det ikkje slik det går med so mange konfirmerte? Dei er æriege og meinar det dei seier under den heilage handlinga. Men forsettet varer ikkje, dei held ikkje ut, likesæla og tankeløysa sluker dei.

Guds ord innprentar ofte dette: Det gjeld um å stå fast, halda ut, vera trufast mot vår Gud. Vi hugsar Brorsons salme: »Stå fast min sjel, stå fast.« »Bestandigheten vil, bestandigheten vil alene vinne.« »Begynt er ikke endt, det må du vite.« »Tenk hvilken skam og last sin Gud å svike.« Jesus seier: Hald ut so skal de vinna sjelene dykkar. Paulus minner atter og atter um at vi må

stå faste. Og Openberringa held fram at dei som skal sigra tilslutt, det er dei som er kalla og utvalde og *trufaste*. Og der er døme på korleis det kan gå med dei som byrja godt, men ikkje heldt ut: kong Salomo i det Gamle Testamente, Judas Iskariot i det Nye Testamente. Å kor viktig det er dette: å stå fast, å halda ut. Berre når slutten er god, er allting godt. Den som står sjå til at han ikkje fell.

Som no dei som vert konfirmerte her hjå oss. Eg trur at dei meinar noko med det som dei seier, dei fleste av dei. Dei vil, dei ynskjer verkeleg å forsaka Djevelen og tru på Gud. Dei ynskjer å halda seg burte frå det som er vondt, syndigt og stygt, dei vil halda seg nær til Jesus, leva og døy som kristne, verkelege kristne og ikkje berre namnkristne. Eg trur at når dei ligg på kne framfor altaret, so er det mange av dei som gjer det i ærleg bøn um hjelp til å gjera det dei har sagt: forsaka og tru. Dei ligg der på kne, framfor Jesus, liksom den rike unge mann, kanhenda like oppriktige som han var det. Og Jesus har dei kjær, liksom han hadde han kjær. — Men so må vi hugsa på: Det gjeld um å halda fast ved Jesus. Det må ikkje berre vera noko som vi meinar denne dagen. Vi må halda ut. Vi må ikkje gå burt frå Jesus liksom han gjorde. Vi må halda fast ved det i dei åra som kjem. Det er ikkje for ingenting at det, i den velsigningsbøn som presten bed når han legg handa på hovudet åt konfirmanten, kjem igjen gong etter gong dette: Han gjeve deg *stødleik* i di tru, han *stadfeste* og *grunnfeste* deg, so du vert *rotfest* og *grunnfest*, han *styrkje* deg. Dette er det avgjerande: stå faste, halda ut, ikkje gjeva upp.

Dette fører tankane til dykk, alle de unge som les dette. Korleis er det med dykk og dykkar konfirmasjon? De meinte og det de sa den gongen, mange av dykk. Kanhenda du enno hugsar det, når du tenkjer tilbake: Det var din vilje, ditt ynskje, ditt forsett, verkeleg å forsaka og tru. — Og no idag: Har du halde fast, har du halde ut, har du vore trufast? Er du like nær eller nærmare Jesus no? Eller, når du skal vera ærleg: Er du no likesæl mot han, utan ålvor i din kristendom, ein namnkristen? Tenk på nokon praktiske ting som kan hjelpa oss til

å prøva oss sjøve. Tenk på korleis det står til med di bøn. Bøna er jo kristenlivet sitt andedrag. Høyrer du til alle dei som har slutta å be til Gud? Det er mange som gjer det i sine ungdomsår. Den som ikkje bed, han er åndeleg død. — Eller Guds ord, kristenlivet si næring? Korleis er det med di kyrkjegonge eller din bruk av din bibel? Det er jo sikkert at den som ikkje bryr seg um Guds ord, bryr seg ikkje lenger um Jesus. — Eller nattverden, ogso næring for det kristne livet. Et de ikkje kjøtet åt Menneskjesonen og drikk hans blod, so har de ikkje liv i dykk, seier Herren. Går du til altars? — Eller korleis er det med dine synder? Banning, ureinskap og synd mot det 6. bodet o. s. v. — I det heile: Bryr du deg um Jesus. Prøver du å leva med han og høyra han til, i hans tilgjeving og hjelp? Er du sikker på at um du døydde idag, so vart du frelst for Jesu skuld? Spursmålet er: Har vi halde ut eller har vi vore trulause og svike vår Gud og kome burt frå vårt konfirmasjonsforsett.

Ikkje berre for dei unge gjeld dette, men for oss alle. Korleis står det til med oss. Her i Davik er bra kyrkjesøknad, god kyrkjeleg ånd, ikke sekter, bra nattverdssøknad, mykje offervilje for misjonen; her har vore vekkjingar, dei moralske tilhøve er etter måten bra. Vi kan vera freista til å tykkja, at det står rett bra til. Men ve oss dersom vi vert sjølvtilfredse med vår kristendom. Ve oss, dersom vi ikkje, kvar einskild av oss, ransakar oss sjøve og dømer oss sjøve. Korleis er det med deg, du som les dette, og Jesus? Gjer vi ålvor? Held vi ut, dag til dag, frå år til år? Let vi verkeleg Gud få råda i vårt liv? Kor mykje er det ikkje som vantar! Kor mange er der ikkje som lever i likesæle og tankeløysa, for denne verda åleine, utan å bry seg um Gud. Kor mange der er som eingong var vekte upp og ivrige, men no er sovna av igjen. Skal vi forsaka og tru på Gud og verta frelste, so må vi gå den smale vegen, i dagleg umvending og syndsforlating, i den gode striden mot oss sjøve. Det gjeld um å halda ut. Ver tru til døden so skal de erva livsens krune! *Verda forgår og hennar lyst, men den som gjer Guds vilje vert verande til evetleg tid.* Amen.

R. S.

### Konfirmasjonen.

Fra den bok om konfirmasjonen som er utgitt av den norske kirkes presteforening hitsettes noen opplysninger om konfirmasjonens historie.

Konfirmasjonen er en eldgammel hellig handling i den kristne kirke. Det viktigste ved den var håndspåleggelsen. Man henviste til Apostlenes gjerninger kap. 8, hvor det fortelles om at de kristne i Samaria fikk den Helligånd ved apostlenes håndspåleggelse. Der blev også brukt salving med olje. Ved konfirmasjonen blev dåpsnåden stadfestet og fullstendiggjort, idet den Helligånd gav sin kraft og nåde. Det var i den katolske tid biskopene som utførte konfirmasjonen. Den var regnet for å være et sakrament.

Ved reformasjonen blev denne gamle konfirmasjonsordning avskaffet. I stedet kom i Danmark og Norge katekismeforhør og velsignelse. Børnenes kristendoms-kunnskap blev kontrollert av presten ved en overhøring forut for den første altergang. Da la han og hendene på dem med forbønn og velsignelse. Denne samlede overhøring kom imidlertid ut av bruk fra ca. 1650 av. De unge kom nu enkeltvis til presten for å forberedes til sin første nadver. De som gav støtet til at vår nuværende konfirmasjonsordning kom i stand, var de tyske pietister, særlig Spener. Biskop Peder Hersleb fikk konfirmasjonen innført i Oslo bispedømme allerede i 1734. Og ved forordning av 13. januar 1736 blev konfirmasjonen av kong Kristian VI påbudt i begge hans riker. Konfirmasjonen feirer altså nu sitt 200-årsjubelium, og dette skal minnes i alle landets kirker søndag 16. februar.

Forordningen begynner således: »Da det er befunnet å være undersåttene og især ungdommen til gagn og opbyggelse, ifall den for temmelig lang tid siden hisset og her i kristenheten innførte og i mange evangeliske menigheter, især i kongens hertugdømmer og grevskaper, brukelige børns konfirmasjon, eller offentlig bekreftelse udi den dem i dåpen skjenkte nåde, de børns nemlig som første gang vil gå til Herrens bord, også blev innført i Danmark og Norge, så er dette kristelige, gamle, oppbyggelige og priselige verk befalet å innrettes udi alle menighetene i begge riker på den her fore-

skrevne måte.« Der bestemmes at »børnenes konfirmasjon og innvielse såvel som offentlig eksamen og prøvelse« skal være regel for alle barn. Alle skal konfirmeres før de har fylt 19 år »om de er dertil bekvemme«. I 1764 blev det fastsatt at de som ikke var konfirmert til den tid, kunde dømmes til å settes i tukthus for der å forberedes til konfirmasjon. Dette gjaldt like til 1848. Det blev pålagt prestene å drive konfirmantundervisning og herunder særlig legge vekt på personlig påvirkning av barna. Det ritual som blev brukt var vesentlig det som vi ennu bruker.

Der var adskillig motstand mot konfirmasjonen i den første tid. Folk var misnøide med at konfirmantlesingen tok barna bort fra arbeidet. Mange var imot bare fordi det var noget nytt.

Av stor betydning for konfirmantopplæringen var det nu å få en ordentlig lærebok. Samme år som konfirmasjonen blev påbudt fikk daværende slottsprest Erik Pontoppidan i oppdrag å utarbeide en sådan bok, og i slutten av 1737 utkom hans »Sannhet til gudfryktighet«.

### Bønn.

(Mel.: Vreden din arvend.)

Ungdommens frelser,  
hør oss når vi beder:  
Let efter dem som  
ennu selv ei leter!  
Dømt av verdens  
lyst og larm og pine  
er de dog dine.

Og når du hører  
sjelens sukk det stille,  
ser hvor de lenges  
uten rett å ville,  
lær du dem då  
på bønnens vinger stige  
op til ditt rike.

Vis dem dig selv  
så unge pine stråler!  
Giv dem din kraft  
som bærer og som tåler!  
Salv dem med ånd  
at de må seier have  
over det lave!

Olfert Ricard.

### Konfirmasjon.

Det har vært med mig som med så mange andre mennesker, at jeg har betraktet dåpen og konfirmasjonen som helt overflødige ceremonier — handlinger uten betydning hverken for dette liv eller det tilkommende. Sett på med rasjonalismens og den tørre »fornufts« praktiske blikk har jo alle kirkelige handlinger denne karakter. Jeg må tilstå at min forståelse og følelse på dette område er vesentlig forandret etter de personlige opplevelser jeg har hatt — og jeg forstår idag at menneskets forhold til den høieste makt må iklædes og uttrykkes i de enkle, men høitidelige former som disse kirkelige handlinger er. Man kan ikke legge den begrensede menneskefornuft som målestokk på ting av denne art. Forresten: Hvis vi begynte å avklede det øvrige livsinnhold sine former, gjennomføre et strengt rasjonalistisk syn — hvad blev der så tilbake?

Tanker av denne art gjennomstrømmer mitt hode, mens jeg sitter i den gamle landskirke og bivåner de unge jenters og gutters bekreftelse av sin dåpspakt. Der sitter de alle disse halv voksne menneskebarn, som nu skal ut i livskampen. De er ennå i håpets alder, og deres ansikter forteller om de unge og skjønne forventninger de har til livet. Drømmen om lykken avspeiler sig i deres tindrende øine og de smiler forståelsesfullt til hverandre som gjemte de på en felles hemmelighet. Det er vel de færreste av dem som er fullt klar over det hellige øieblikk de nu gjennomlever — men de har sikkert alle følelsen av noget stort og høitidelig, noget som er over dem og over oss alle. —

En uendelig fred fyller mitt sind. En dyp og sterk følelse av harmoni og ro trenger inn i sjelen, — en følelse som er helere, renere og lykkeligere enn noget av det som verden utenfor kan gi. Halvt i distraksjon kikker jeg på billedene i den gamle salmebok. Her er fullt av gamle menn med strenge trekk og langt skjegg — men der er også enkelte ansikter med milde og vennlige uttrykk. Plutselig fanges mitt blikk av et ungt, ydmykt bøiet, men edelt og vakkert hode. Under bildet står det med små typer Bernhard av Clairvaux. Utydelige erindringer dukker op fra min barndom. Jo, nu husker

jeg! Mor snakket ofte om denne fromme munk og leste med forkjærlighet hans salmer. Den uendelige godhet og mildhet som preget hans liv, den skjønne fromhet som gjennomåndet hele hans vesen — alt hadde vel bidratt til at min gode mor hadde merket sig ham blandt alle de andre. Og nu sitter jeg her i den gamle ærverdige kirke og »dumper« op i ham. Var det en tilfeldighet — eller hvad? Så pussig at det nettopp skulde hende nu, da jeg for første gang lot ett av mine barn bekrefte sit dåpsløfte.

Jeg kaster et blikk på en av Bernhard av Clairvaux' salmer. Den er fylt av en religiøs glød og er samtidig høi poetisk kunst:

»Jesus, født av Maria mo,  
vår glede all på verdens ø!  
Pris være dig, o Herre min!  
Drag alle hjerter til dig inn!  
Du gledens kilde, nådens hav,  
du alle mine sorgers grav,  
min ros som ene gjelde kan,  
o Jesus, verdens frelsermann!»

Nu kan jeg tydelig huske mor, når hun leste disse skjønne salmevers, og jeg kan ennå høre inderligheten i hennes stemme.

— — — Utenfra trenger det klare sollyset gjennom kirkevinduene. Prestens alvorlige, vennlige stemme som taler med de unge om livets alvorligste ting og prenter inn i deres hjerter de evige sannheter som skal bære dem gjennom livet og over grensen, inn til det *virkelige* liv. Den fullt besatte kirke lytter med andakt til prestens spørsmål og ungdommens svar.

Mine øine søker op mot den vakre altertavle. Jeg sitter for langt unna til å kjenne skjelne motivet, men jeg ser i maleriets bakgrunn et sterkt flammende lys, — som en solnedgang, som en åpning inn til et rum som ligger langt utenfor maleriets ramme. Dette vidunderlige lys symboliserer i min hjerne hele innholdet av det som foregår omkring mig — det peker hen på grunnvollen for det hus jeg sitter i. Og det hele samler sig i en sluttet og sterk følelse av en hittil ukjent kraft i min sjel. —

Ja, se slik kan man tenke og føle under en konfirmasjon! Under denne »tåpelige« og »overflødige« ceremoni!

Eugène Olausen i »Dagen«.

### Konfirmasjonslovnaden.

Det er mange kristne som hev mot konfirmasjonslovnaden. Konfirmasjonen er ikkje innsett av Gud, men er menneskjeværk, seier dei, og lovnaden som dei unge gjev på konfirmasjonsdagen er det reine komediespel. Difor finn dei at det må vera synd mot Gud å gjeva ein lovnad som dei sjølve må vera klår over at dei ikkje kjem til å halda. Er det sant dette? Tenk på din eigen konfirmasjonsdag. Du var barn den gongen. Du var ikkje vorten so gamalklok som du kanskje no tykkjest vera. Du stod der som barn, med barnleg ofte og kjærleik til din Gud og med heilagt ålvor i sjeli. Du kjende liksom Guds kjærlege signande hender lyfte over deg, og du kjende du hadde hug å gjeva han hjarta ditt, for du var glad endå du kjende deg liten. Du var barn, og du vilde vera god. So stod Gud og tok imot denne lovnaden vår, og han gledde seg sikkert over det barnlege sinnelaget og den ærlege viljen.

Vi som er foreldre og som er glade i borna våre hev nok av og til fått kjenna noko av den same gleda. Vi hev sete med barnet på fang. Det såg på oss med takksame kjærlege augo, for det visste at vi var gode mot det. So tok barnet til å lova so mykje, so mykje. Det var ikkje måte på alt det store og gode det vilde gjera for oss. Vi visste fulla godt, at barnet ikkje vilde greida halda ein einaste av dei store lovnadene sine, men vi gledde oss korso. For attanfor lovnaden såg vi det kjærlege, takksame barnhjarta som *vilde* gjera godt. Det var for oss det viktigaste, ja, det var alt. Men når det er slik med deg og meg som sjølve er skuldtyngde menneskje, kor mykje meir må ikkje Gud gleda seg når han møter barnesinn og heilagt ålvor hjå konfirman-tane. Det finst kanhenda dei som ogso tek konfirmasjonsdagen med verdsleg lettsinn. Men eg trur eg vågar å segja at dei fleste ikkje hev havt ålvorlegare stund i sitt liv enn den stundi i Guds hus og ved Herrens altar. Desse hev so gått ut i livet, møtt livsstormane og freistingane og mange har svike lovnaden sin. Men kanhenda minnet um denne høge lovnaden hev drage mang ein attende til faderhuset som elles vilde halde seg burte. Truleg hev og lovnaden

ofte hjelpt til, og vore eit vern mot freisting og fall. Vi bør difor ikkje stydja arbeidet med å få konfirmasjonslovnaden ut or kyrkja. Men som kristne hev vi alle skyldnad på oss til å rydja or vegen fårane som lokkar og dreg ungdomen vår burt frå den vegen lovnaden synte dei. Der er støytesteinar nok. Kristendom er ikkje berre det å halda seg burte frå det som er synd, men det er like mykje å gjera det som er godt. For »den som veit å gjera godt, men ikkje gjer det, for han er det synd«. Difor er det vår skyldnad som kristne å setja alt inn på å få burt slike ting som vil lokka og draga dei unge burt frå konfirmasjonslovnaden.

A. H. B.



### Våre døde.

6. jan.: Berge Torheim, Hennøy; g. tidlegare lærar; f. 1848; alderdom.  
7. jan.: Kjell Nygård, son til Karl P. Nygård; f. 1935; hjernebetendelse.

Eg går no den vegen som all verda må fara. 1. Kong. 2, 2.

---

### Notisar.

Dette nummer vert gjeve ut som eit konfirmasjonsnummer med tilhøve av 200-årsjubileet. Den 16. februar skal det vera festgudsteneste til minne um at konfirmasjonen vart innført. Den høna som står fyrst i dette nr. vert då brukt som kollekt; epistelen er Efes. 3, 14—21, evangeliet for altaret er Joh. 21, 15—21 og preiketekst Joh. 10, 27—30.

**Lærer Berge Torheim** som døydde 6. januar 87 år gamal, var i fleire år medhjelpar i Rugsund. I lang tid var han lærar i Hennøy, Berle og delvis Hammen. Han var varmt interessera for alt kyrkjeleg og kristeleg arbeid. Heidningmisjonen hadde i han ein trufast ven. Vi som var hans vener vil sakna han djupt. Velsigna vere minnet hans.

**Døypte:** 26. des. Atle Oddleiv Hallstein, f. 12. sept. av f. Malvin Nilsson Nyborg, Berle, og k. Svanhild Antonsdr. (f. Berle).

S. d.: Magnhild Bjørg, f. 25. sept. av f. Andreas Eliasson Ytrehauge og k. Gunhild Hansdr. (f. Thunold).

**Ektevigde:** 11. jan pa Totland Karl Rasmusson Ødegård og Jenny Klausdr. Håvik, Fagerlid. — 20. jan i Eid Steinar Kristensson Leite og Hilma Sofie Mikkelsen, Hammerfest.

**Kyrkjeleg statistikk for 1935:**

	Davik	Rugsund	Aalfot	Ialt
Fødde .....	15	37	8	60
Derav uekte .....	1	1	0	2
Døypte .....	12	31	7	50
Konfirmera .....	16	30	8	54
Vigde i Davik .....	4	5	0	9
Vigde andre stader .....	5	4	0	9
Jordfesta .....	12	30	2	44

Talet på altargjester var i 1935 981; i Davik sokn 355; i Rugsund 534, i Aalfot 92.

**Utmeld or statskyrkja** vart i 1935 1, Kristian Kristensson Gangsøy.

**Hugs på!** Barnefødsel skal meldast til soknepresten innan 1 måned etter fødselen. — Lysing til ekteskap må ein få ordna 3—4 veker før ein har tenkt å ha brudlaup. — Dødsfall må straks meldast til lensmannen. — Presteattestar kostar vanlegvis 1 kr. + porto.

**Ofringar og kollektar i 1935.** Davik kyrkje: 17. febr. til Umstreifarmisjonen kr. 19.44. 24. febr. til Israelmisjonen 14.66. 21. april til sjukepleien 55.25. 16. mai til søndagsskulen 10.43. 9. juni til heidningmisjonen 103. 27. okt. til Menighetsfakultetet 18.17. 25. des. til blindesaka 80.97. Tils. kr. 301.92. — I Rugsund kyrkje: Til Israelmisjonen 9.28. Til heidningmisjonen 48.70. Til sjukepleien 68.45. Til innleggjing av ljøs i kyrkja 87.60. — I Totland kapell: Til Menighetsfakultetet 34.40. Til Israelmisjonen 15.33. Til Santalmisjonen 44.46. Til søndagsskulen 99.12. Tilsaman i Rugsund sokn 407.34. — I Aalfot: Til sjukepleien 40.41. Til heidningmisjonen 34.65. Til sjømannsmisjonen 20.15. Tilsaman 95.21.

**Basarar:** Bortne 16. nov. til heidningmisjonen kr. 114.16. — Rimstad 30. nov. til Santalmisjonen 115. — Levdal 28. nov. til indremisjonen 60.35. — Levdal 27. des. til heidningmisjonen 82.

**Aalfot sokneråd** har for 1936 valt uppatt som formann kyrkjesongar Bruland og som næstformann lærar R. Førde. Til rekneskapsfører vart vald Hans O. Myklebust og til revisorar Hans Sigdestad og Thomas Myklebust. Desse ofringar vart fastsette: Ikr. påske til sjukerøktlaget, ikr. pinse til heidningmisjonen, ikr. jøl til Menighetsfakultetet. Det vart vedteke å ha eit soknemøte i juni til forhandling um kyrkjespursmålet, um ein skal reparera på den gamle kyrkja eller byggja ei ny eller slett ingenting gjera.

**Kyrkjebyggjinga i Kjøltdal.** Spursmålet um avstaing av gudstenester frå Rugsund sokn til Davik var fyre på soknemøte i Rugsund kyrkje 22. des. Samrøystes vart vedteke, at det ikkje kan avståast noko av dei 16 gudstenestene i Rugsund, men at Totland måtte ha betre høve til å avstå 2 preiker årleg. —

**Døypenamn:** I 1935 var det døypt 62 born frå Davik. Av dei fekk 48 norske namn: Odd, Rolv, Birger, Arvid, Sverre (2), Jon, Dagfinn, Einar (2), Ragnvald, Gunnvald, Kjell, Arnljot, Olav (2), Audun, Ragnar, Atle, Per, Alf, Åke (2), Kåre,

Asbjørn (2), Arne, Leif, Amund, Oddrun, Jofrid, Signe (dialektform av Signy), Ragna, Solveig (2), Bjørg, Reidunn, Hildur, Oddbjørg, Norunn, Møyfrid, Magnhild, Aud, Jorunn (2), Liv, Sögni (dialektform av Signy), Ragnhild. — 14 hadde utanlandske namn: Johan (tysk-bibelsk), Arthur (engelsk), Norman (engelsk), Kristen (dansk-latinsk), Anders (av Andreas, gresk), Brita (av engelsk Brigida), Anna (bibelsk), Petra (av bibelsk Petrus, gresk), Klara (latinsk), Margit (av latinsk Margarita), Edit (engelsk), Else (dansk, av bibelsk Elisabet), Anny (engelsk), Olga (russisk).

**Nytestamente.** Dei som gjerne vilde ha seg eit N.T., men har lita råd å kjøpa, kan få dei gratis ved å venda seg til soknepresten.

**For 100 år sidan.** Døde: 9. febr. Ole Jørgensen Nyegaard, gaardmand, 59 år. 26. febr. Kristi Axelsdtr. Almending, kårkone, 87 år.

**Davik soknestyre** har fastsett etter framlegg frå soknerådet at organisten i Davik kyrkje skal ha rett til 4 kr. for å spela ved brudevigsle og 3 kr. for å spela ved gravferd i kyrkja.

**Kvinnelege prestar?** Riksstyret har gjort framlegg um at kvinner skal kunna verta geistlege — og militære! — embetsmenn. I 1926 var saka framlagt for alle sokneråda til fråsegn; 957 røysta mot og berre 43 for. Det går i hundravis av teologar ledige; likevel skal dette tvingast igjennom nett no. Det er imot folkeviljen og praktiske grunnar talar ikkje for det. Det viktigaste er at det er imot Guds og kyrkja sin tradisjon. »Luthersk Kirketidende» skriv: »Det som imidlertid først og fremst gjør at kirken har frabedt sig kvinnelige prester og må gjøre det, er at denne ordning strider mot Guds ord i Det nye testamente. Det er rent bort i natten når man sier det motsatte. Enhver som vil lese 1. Kor. 14, 34—38 og 1. Tim. 2, 12 vil innse det. Strider imidlertid prinsippet om kvinnelige prester mot Skriften, så strider det også mot vår lutherske bekjennelse, fordi denne gjør Skriften til den eneste regel og rettesnor for kristen tro og kristent liv. Man sier til oss, at vi ikke skal ta det så nøie i spørsmål av denne art, og at man her får lempe sig av rent humane hensyn. Men man overser da, at kirken ikke er et borgerlig samfund, hvor man kan innrette sig efter verdslige og rent humane hensyn, men den er efter sitt vesen et samfund som er stiftet av Gud og har sin lov i Guds ord. Om man derfor innfører i den en ordning som bevislig strider mot Guds åpenbarede ord, krenker man kirken i dens egenart og skaper samvittighetsnød hos alle medlemmer av den som innser det skriftstridige forhold. Det bør våre statsmakter betenke.»

**Gudstenester.**

Sund. sexagesima, 16. febr.: Davik.

Fastelags sund., 23. febr.: Totland.

1. sund. i fasta, 1. mars: Rugsund.

2. sund. i fasta, 8. mars: Davik.

3. sund. i fasta, 15 mars: Aalfot.

Midfaste sund., 22. mars: Rugsund.

**Kvittering for kontingent:** Jakob Bakke, Syn-neve Kolset, Kristofer Leirgulen, lærar J. Høinæs 2 kr. — Didrik Bortne, M. A. Mjånes, kyrkje-songar Bruland, Harald Bruland 3. — Matias Bortne 1.50. — Martinus Nore 5.

Dette er innkome fyre nyår. Hjarteleg takk til alle. —

#### Rekneskap for Kirkebladet for 1935.

Inntekt:	
Overført frå rekneskap 1934 kr.	688.44
Innbetalt kontingent 1935 . »	613.50
	—————
	kr. 1301.94
Utlegg:	
Trykkjing og ekspedisjon kr.	540.00
Portoutlegg for nr. 52—63 »	62.51
	—————
	> 602.51
Overført til rekneskap 1936:	<u>Kr. 699.43</u>

Som ein ser har bladet so vidt bore seg ogso i 1935, og eg takkar hjarteleg alle dei som ved sine gåver har gjort dette mogeleg.

### Konfirmasjonshøgtidi i heim og kyrkje.

Det er høgtid i kyrkja »masjons«-sundag. Og eit vakkert syn er det når desse unge stig fram for Herrens åsyn og lovar å venda ryggen til myrkheims fyrste og dei han vil lokka deim med på. Dei vender seg mot ljuset og ljosheims far, og med hans nådige hjelp vil dei »vandra i hans ljøs«. Og du ser liksom Herren sjølv stiga fram millom altarljosi og lyfta sine hender signande yver dei unge som kneler, og han seier: »Hald lovnaden du gjev idag, so skal det gå deg vel; eg kan bruka deg, vert verande i mi teneste.« Sæl er du ungdom som ikkje gløymer lovnaden; for deg hadde dagen æveleg verd.

Er det då berre for konfirmanten denne dagen, denne heilage handlingi, kan ha verd? Biskop Lunde fortel so vent um ei mor som nya uppatt si dåbspakt under konfirmasjonen åt dotter si. Det er visst mange som har upplevt litt av det same. Når ein høyrer dei unge gjev lovnaden um å forsaka og tru, vert tankane gjerne vende mot ein sjølv. Korleis stend det til? Hev eg gløymt den lovnad eg gav. Det kan nok føra til ei, kanskje lenge forsømd, oppgjerd med Gud.

Ikkje berre i kyrkja er det høgtid når det er konfirmasjon, men og i heimen. Mykje vert gjort for å skapa hugnad og fest. Men

upp gjennom tidene har det gjerne vore eit og anna som har kasta litt skugge yver høgtidingi av dagen. Berre ein ting her: På det vakre veldekkka bordet med all den gode maten blenkjer det og i rader av glas. So vert det halde talor for konfirmanten, der ein ber fram ynske um Guds varning og signing på livsvegen. Og for å strika under det som vert sagt skal ein drikkja ei skål, og so hender det at konfirmanten på sin konfirmasjonsdag for fyrste gong smakar rusdrykk. Det er gildt å vita at so mange foreldre i våre bygder er vakne når det gjeld dei sterke drykkjer. Men sårt er det å tenkja på at det finst fedre og mødre som i tanke-løysa held på drikkeskikkane og det endåtil ved slike høve. For mang ein norsk ungdom vart rusdrykken den bøygen dei aldri kom forbi, bøygen som hindra dei i framgangen og førde sume til armod og vonløysa, til rennestein og fengsel. Usegjeleg tungt for far og mor um dei so altfor seint oppdaga at heimen hadde skikkar, vanar som førde nokon av borni deira på avveg. Heimen er ein hage, der alle fine sjeleblomar røstest og renn og fær kjærleg tilsyn. Mätte det kjærlege tilsynet ogso akta vel på at dei giftige, fule ormar ikkje lurar seg inn i denne hagen, inn i det heimlege paradiset.

Mätte heim, skule og kyrkje løysa si vande, ansvarstunge gjerning yverfor dei unge og gjera dei mest mogeleg føre til å sigla si livsskute klar av dei lumske skjær og bår, som gjer leidi dei skal fara, so fårefull.

O. Hausle.

### Den kristne tro.

#### 4. Gud Fader.

Den første artikkel i trosbekjennelsen handler om Gud Fader. Han er den første person i den treenige Gud.

Guds åpenbaring lærer oss altså at vi skal kalle Gud for *fader*. Vi sammenligner ham da med en jordisk far i forholdet til sine barn. En far, om han er som han skal være, elsker barna sine. Fadernavnet er uttrykk for kjærlighet. At Gud er Faderen, deri ligger at han efter sitt inderste vesen er kjærlighet. »Gud er kjærlighet,« sier Guds ord likefrem.

Ved siden av Guds hellighet, som vi før har talt om, stilles altså Guds kjærlighet. Begge hører med til Guds vesen. Likeså visst som han er den Hellige, likeså visst er han den kjærlige Fader. Disse to ting må ikke skilles fra hverandre. Ser vi bort fra Guds kjærlighet og fester oss bare ved hans hellighet, da blir han en fjern og fryktelig Gud og intet annet, en gud som vi bare i redsel må bøie oss i støvet for som treller, og som vi ikke kan komme nær og elske. Således er gudstroen hos de fleste hedningfolk. Ser vi derimot bort fra Guds hellighet og tenker *bare* på hans kjærlighet, mildhet og godhet, da blir han en liten gud, en gemytlig gud, skapt i vårt eget billede, en som vi ikke behøver å ta alvorlig. Han blir som en snild gammel bestefar. Denne tendens er der meget av i våre dager.

Gud er på samme tid den fullkomne hellighet og den fullkomne kjærlighet. Derfor skal vi frykte ham og elske ham.

At Gud er fader kan sees fra tre forskjellige synspunkter.

a. Gud er *Jesu Kristi fader*. Han elsker Sønnen fra evighet av. I den treenige Guds samliv lever Faderen i kjærlighet til Sønnen og Sønnen i kjærlighet til Faderen, forenet ved den Helligånd. Derfor er Guds kjærlighet evig, er uadskillelig fra ham og ligger i hans eget inderste vesen. Den hadde ikke sin begynnelse først da han skapte englene eller menneskene, men var der fra all evighet av.

b. Gud er *alle menneskers fader*. Han har skapt dem, og derfor elsker han dem. Han vil dem vel og gjør vel imot dem. Alt godt i vårt liv, til legeme og sjel, kommer fra ham. Han ønsker alt det beste for dem. Også alle de som ikke kjenner ham, som ikke bryr sig om ham, som trosser ham og synder mot ham, — også dem følger han med sin kjærlighet. Han slipper dem ikke av syne, så lenge der er håp. Han arbeider i mildhet og overbærenhet på deres frelse, inntil nådetiden er forbi.

c. Gud er *de kristnes fader*. Han har gjort oss til sine barn på en særlig måte i dåpen. Han elsker oss for Jesu skyld, fordi vi ved troen og sakramentene er ett med Jesus, hans enbårne sønn. Hans kjærlighet var rettet mot oss før vi var født. Hans

kjærlighet gjorde at han tok oss til sine. Hans godhet har fulgt oss på alle våre veier. Hans barmhjertighet er alltid rede til å tilgi og hjelpe. Hans hjerte står alltid åpent for oss. Hans kjærlighet er det som har tiltenkt oss det evige liv, samlivet med ham her på jorden og i himmelen.

## Dikte av Claus Frimann.

### 5. Lodsens Sang.

Naar, Himlen i Brand,  
Og Havet i Kaagning, jeg sætter fra Strand,  
De Mænd at ledsage paa retteste Sti,  
Som ønske sig Indløbets Farer forbi,  
Da, himmelske Fader, du være vort Skjold  
Mod Brændingens Vold.

Paa Skibet om Bord  
Ei vorde beskjemmet mit raadende Ord!  
Lad kjendes at ikke i Blinde jeg gik,  
Men vidste hver Banke til nyeste Prik;  
Dog er du ei selv min Raadgiver, — om soast,  
Er Kundskab og Konstl.

Ulykkelig Skridt,  
Den blinde Formastende gjorde saa tidt;  
Hvor skulde jeg saa byde Farene Trods!  
Paa Lykkespil sette det Skib og det Gods!  
At handle mod Pligt og Samvittigheds Bud  
Bevare mig Gud!

Naar styrende Mand  
Af mig tager Roret ved yderste Land,  
Som Skibet jeg vendte fra boerende Grund,  
Saa vogt du det siden i raadvilde Stund!  
Naar Storbølgen banker, naar Torden slaar ned,  
O, lys da din Fred!

Ja, Fred med Enhver,  
Som dig i sit Hjerte paa Bølgerne bær!  
Velsignelse følge Retfærdigheds Gods,  
Hvad enten det gaaer eller kommer til os!  
Naar Brødskipet ventes, lad kjærlige Havn  
Oplade sin Favn!

Men kommer med Død,  
Med sprudlende Struber og Ild i sit Skjød,  
Den trofaste Snække fra fiendtlig Kyst,  
Af mig kun forgjæves da trygler den Trøst;  
Hvor Brændingen bryder, med Kjøl over Baa,  
Den længe nok staae!

*Hvad er alder?* En kristen skal alltid være gammel nok til å dø hver dag og alltid ung og sterk nok til å vandre på veien og arbeide så lenge det er dag.

(M. Nathusius).